



Båthamna må ikkje brukast til bading, av både sikkerhetsgrunnar og miljømessige grunnar.

**I det fine veret er det fint med bading og eit yrande badeliv. Kvar sommar samlast born og ungdom i båthamna og på kaiane for å bada. Det er naturleg. Båtlagsstyre ynskjer likevel ikkje bading i sjølve båthamna og vil bed om at alle tek omsyn til dette forbodet. Årsaka er både av sikkerhets- og miljømessige grunnar.**

Jan Henrik Hansen har tilsyn i Uskedal Båtlag si båthamn. Om han ikkje er på reise, så er han dagleg ein tur nedom plassen. Han vil ikkje vera ei vakkbikkje, men oppmodar til at ingen badar inne i hamna og mellom båtane.

Det er særleg tre grunnar for dette:

- Av sikkerhetsmessige grunnar: Det er ofte vannskeleg å sjå om nokon ligg i vatnet. Påkøyrslø og propellskade kan vera alvorleg.
- Av miljømessige grunnar: Båtane og utleiggjarar avgir stoff som kan vera uheldig om ein får det i munnen. Det kan og vera impregnering av kobberstoff
- Av vedlikehaldsmessige grunnar: Hopping frå utleiggjar og flyteelement fører til slitasje på fortøyningar som i neste omgang gjer at det oppstår ein skade på faste flytande installasjonar.

Med dette som bakgrunn, bør alle finna andre badeplassar enn i sjølve båthamna.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal